



Årets 17.mai-talar. Bildet er teke då han takka av som leiar i Utdanningsforbundet Kvinnherad.

**Bjørn Olav Tveit vert 17.mai-talaren i Uskedalen i år. Tveit har markert seg i mange samanhengar både innan bygda og elles. Når ein høyrer namnet hans tenkjer ein nok kanskje først på Festidalen, fjellsport og friluftsliv, men faktum er at den vel 40 år gamle læraren er aktiv i mange andre samanhengar.**

Ettar at han sa frå seg attval på årsmøtet, er han no inne i avslutninga på ein leiarperiode på 8 år i Utdanningsforbundet Kvinnherad. No er han klar for leiande oppgåver innan fagrørsla på fylkesplan.

I tillegg til Festidalen, fjellsport, Combo Camp og friluftliv har han vore mykje aktiv i idrettslagssamanheng i bygda. Med sine organisatoriske og kreative evner har han også gått i bresjen med tankar om korleis ein kan tiretteleggja for aktivitetar rundt i bygda.

Han har også vore med og starta sjakkklubb for Kvinnherad og området rundt.

Bjørn Olav har vist at han har gode evner som leia,r og med gode sosiale, kreative og organisatoriske evner er

han flink til å trekkja fleire med seg i arbeidet.

Det blir kjekt å høyra han som 17.mai-talar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.